



Engebø Rutile and Garnet

Vår dato:

26.08.2024

Vår ref:

2022/11351

Dykkar dato:

15.09.2023

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Løyve etter forureiningslova til anleggsarbeid i sjø - undervassprenging og bruk av utsprengde massar til fundament- Engebø Rutile and Garnet

Statsforvaltaren gir Engebø Rutile and Garnet løyve til undervassprenging/mudring av ca. 335 m³ massar i sjø ved gnr/bnr 431/15 i Sunnfjord kommune. Tiltakets formål er å etablere blandekammer og logistikk for feste av leidningar som skal føre avgangsmassar ned til sjødeponi på ca. 300 meters djupne. Sunnfjord kommune gav dispensasjon etter plan- og bygningslova til etablering av blandekammer og legging av rørleidningar i vedtak 7. juli 2024.

Anleggsarbeida i sjø skal ikkje skje i perioden frå 1. januar til 31. mai av omsyn til gytefelt torsk. Tiltaket skal overvakast med turbiditetsmålingar med alarmgrense på bakgrunnsverdi + 10 NTU, med alarm og stans i arbeidet dersom turbiditetten overstig grenseverdien i meir enn 20 minuttar.

Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11 med vilkår etter § 16, jf. forureiningsforskrifta § 22-6

Vi viser til søknad datert 15. september 2023 og informasjon sendt i 2024.

Vedtak om løyve

Statsforvaltaren gjev løyve til undervassprenging/mudring og lokal deponering av utsprengde massar til Engebø Rutile and Garnet. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 22-6. Løyve er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg.

Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av Statsforvaltarens ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 6, 44 300 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.



Om tiltaket


Engebø Rutile and Garnet AS søker om løyve etter forureiningslova til anleggsarbeid i sjø ved gnr./bnr. 431/3, 431/6, og 431/10 i Sunnfjord kommune.



Figur 1. Dronebilete over tiltaksområdet og illustrasjon av fjellmassane som skal sprengast.

Det skal sprengast ca. 1 300 m³ massar innanfor eit areal på ca. 215 m² for å ferdigstille eit blandekammer i samband med etablering av prosesseringsanlegget på eigendomen. Dei utsprengde massane skal nyttast til å planere ut ei flate under vatn som skal nyttast til avgangssystemet til Engebøprosjektet. Det er ca. 430 m³ av dei utsprengde massane som skal nyttast til planering.

Føremålet med tiltaka er å etablere området for sikker og effektiv tilgang til avgangssystemet med røyrføringar, som er ein viktig del av mineralprosesseringsanlegget på Engebø. Avgangssystemet med metodikk for å minimere partikkelspreiing er ein del av godkjent utsleppsløyve og avfallshandteringsplan frå Miljødirektoratet.



Figur 2. Raudt kvadrat viser kammer som allereie er sprengt, og går ned om lag -10 meter. Blått kvadrat viser flaten som denne søknaden omfattar. Den skal sprengast ned til -12 meter for så å etablere ei flate på -10 meter der det skal etablerast infrastruktur knutt til utslepssystemet. For å knyte det røde og det blå områder saman, skal det grøne arealet også sprengast ut.




Eit fartøy med ein borerigg i baugen og gravemaskin i akterenden skal utføre jobben. Først ankrar og fortøyer båten seg opp med baugen mot land og byrjar boringa. Deretter ladast hola ved hjelp av dykkarar og partiet skytast ut i ei salve ned til -12 meter. Når ein setter i gang med arbeidet kan det vise seg at det blir naudsynt å dele opp i nokre få mindre salver. Det er utfordringar knytt til å bore, lade og skyte fleire gangar ettersom tiltaket er under vatn, men det leggast opp til å ha så stort forsinkelse som mogleg på salva med tilhøyrande låg einheitsladning. Ein planlegg salvene slik at så mykje Stein som mogleg blir skote innover i gropa.

Etter at salvene er sprengt snur båten og graver ned og planerar ut til om lag -10 meter. Overskotssmassar vil rakast ut til sida av planert område. Ei må rekne med at noko Stein kan forsvinne ned mot djupet i forbindelse sprenging og massehandtering.


Blandekammeret er utskote i sin heilheit. Dette gjer til at det er minimalt med sprenging som må utførast i kontakt med fjorden, men det omsøkte tiltaket er naudsynt for sluttføringa.

Det skal nyttast om lag 1000 kilo sprengstoff. Saman med ansvarleg totalentreprenør og underentreprenør skal det utarbeidast ein gjennomføringsplan med fokus på å skåne fjordmiljøet (fokus på lyd og partiklar). Dette inkluderar å optimalisere tenningsplanen (lang tidsforsinkelse, få detonasjonar per tenning, låg einheitsladning osv).



Figur 3 Tversnitt av tiltaket. Grå farge syner planering av utsprengd flate med massar

Det er gjennomført dykkarundersøking på tre lokalitetar rundt tiltaksområdet. Videoane tekne med ROV syner typisk og forventa botnflora på botnen der fyllinga skal etablerast. Det vart ikkje avdekkja framande art eller raudelista artar. Overflatesedimenta er dominert av sand, grus og stein.



Figur 4 Figur 4. Kart over Redalsvika gytemråde, låssettingsplassar og Ytre Førdefjorden gytfelt. Anleggsstad markert med oransje.



Figur 5 Avstand til registrerte oppdrettsanlegg er 3,5 km til lokalitet 13711 Dyvika og 8,2 km til lokalitet 13568 Storevik (begge Flokenes Fiskefarm AS)



Undervassprenging kan føre til direkte organskader på nærllevande fisk men også på fiskeegg. Torskefisk med lukka svømmeblære er meir utsett for trykkskader enn for eksempel laksefisk. Tiltaket vil gjennomførast før den venta gyttesesongen for torsk, og sprenginga skal føregå minst 1.25 km frå nærmeste markerte gyteplass. I tillegg vil ein odde som stikk ut i sjøen kunne ta unna noko av trykket innover mot Redalsvika

Ved einheitsladning på 50 kg sprengstoff er det vist til ei risikosone på opptil 500 meter. Det leggast opp til ei vesentleg lågare einheitsladning enn 50 kg og ein forsinkelse på 40 ms. Avstanden til moglege gytefelt (1.25 km) og fiskeoppdrett (3.5 km til fiskeoppdrett utanfor Dyrvika) gjer til at risikoen for eit betydeleg skadeomfang på fisk og fiskeegg er ansett som liten. Skremmesalver skal nyttast i forkant salvene. Dette vil gjerast ved å detonere fenghetter. Effekta av eit slikt tiltak er ikkje godt dokumentert, men det er venta av fisk i umiddelbar nærleik vil bevege seg bort frå staden og forflytte seg til meir skjerma lokalitetar i strandsona før sprenging. Det kan ikkje utelukkast av sprenginga kan ha ein negativ påverknad på enkelte individ, men det er ikkje forventa negativ påverknad på bestandsnivå.

Planlagde avbøtande tiltak ifølge søknaden:

- 1) Sprenge hovudkammer før det punkterast mot sjø
- 2) Forseinking på salve
- 3) Låg ladning på salve.
- 4) Skremmesalver
- 5) Sprenge utanfor gyttesesong
- 6) Grave vekk sediment før sprenging
- 7) Optimalisert sprenging (sprengstoff mot danning av finstoff)
- 8) Elektroniske tennarar
- 9) Sjå etter og plukke opp plast som flyt til overflata

Tiltaket skal overvakast med ein online turbiditetsmålar som allereie er utplassert 380 meter aust for tiltaksområdet.

Tidsperiode for planlagt gjennomføring av tiltaket er hausten 2024, estimert til maksimalt fem veker. Det er anteke at det totalt vil være behov for fem salvar for utsprenging.

Høyring

Søknaden vart sendt på høyring til Bergens sjøfartsmuseum, Sunnfjord kommune, Fiskeridirektoratet, Sør-Norges Fiskarlag, Norges naturvernforbund og Natur og Ungdom og søknaden låg til offentleg høyring på Statsforvaltarens heimeside. Frist for å gje uttale var 17. oktober 2023.

Vi blei bedt av Sunnfjord kommune om å stanse handsaming av søknaden inntil tiltaket var godkjend etter plan- og bygningslova i e-post datert 30. oktober 2024. Sunnfjord kommune gav dispensasjon til tiltaket etter plan- og bygningslova i vedtak hos areal- og byggesak datert 4. juli 2024. Vedtaket er ikkje påklaga og vi kan no gje løyve etter forureiningslova til tiltaket.

Vi gjengje nedanfor mottatte uttaler med Engebø Rutile & Garnet sine kommentarar skrevet med blå farge:



Fiskeridirektoratet (16. oktober 2023)

Attgjeving av uttale:

"Sjøområdet utenfor tiltaksområdet er et regionalt viktig gytefelt for kysttorsk. I gyte- og oppveksttida er det viktig at sjøområdet holdes fritt for aktiviteter som medfører trykkbølger ut i vannmassene og utslipper finpartikler som fører til blakking av vannmassene.


Store deler av kystlinjen langs nordsiden av fjorden er et registrert fiskeområde for teinefiske etter krabbe og hummer. Tiltaket isolert sett vil beslaglegge en liten del av fiskeområdet. Det er avgjort i tidligere prosesser at dette er et område som der avgang fra gruvedriften skal foregå.

Litt ut mot midten av fjorden fra tiltaksområdet er det et registrert fiskeområde for linefiske etter torsk, lyster, lange og brosme. Vår vurdering er at dette tiltaket isolert sett ikke vil gi varige og vesentlige negative konsekvenser for fiske i dette området.

Midtfjords er et større område registrert som reketrålfelt. Vi kan ikke se at dette tiltaket isolert skal gi vesentlig negativ påvirkning på rekefeltet.

Øst for tiltaksområdet, innenfor en linje fra Grytaskjæret til Liaverpet, i Redalsvika ligger et økologisk funksjonsområde for flere fiskearter. Området er i tillegg et bruksområde for flere typer fiske. Vi ber om at det settes vilkår som sikrer områdets biologiske funksjon.

Vi ber om at en i eventuell tillatelse setter vilkår som sikrer mot negativ påvirkning på nærliggende økologiske funksjonsområder som gytefeltet i Førdefjorden og gyteområdet i Redalsvika. Sprenging og mudring må da skje utenom gyte- og oppveksttid for kysttorsk, som er fra februar til juni."



Figur 6 Registrerte fiskeriinteresser nemnt i Fiskeridirektoratets uttale illustrert i kart – Kystinfo

Engebø Rutile & Garnet (sitat): **Vi er enige om at tiltaket vil være lite og difor ha liten varig påverknad på fjordmiljøet. Undervassentrepreneur vil, som søknaden beskriver, fokusere på å gjøre tiltaket så lite**



som naudsynt samtidig som det skal vektleggast avbøtande tiltak for å redusere skader på vassorganismar i nærliken av der arbeidet skal føregå. Sprenging skal blant anna haldast utanfor gyte- og oppveksttid for kysttorsk.

Bergens Sjøfartsmuseum (5. juni 2024)

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Kyrkjenes i Sunnfjord kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde tiltaket, men gjer merksam på den generelle plikten etter kulturminnelova (Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne) om stans i arbeid og varsling til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.

Sunnfjord kommune (21. juni 2024)

Attgjeving av uttale:

"Tømmerkaia er omfatta av eksisterande reguleringsplan for Kyrkjeneset tømmerkai, planID 12311999001. Tømmerkaia er regulert til føremålet "industri". Området tiltaket vert søkt om ligg utanfor reguleringsplanen, arealet her er regulert i Sunnfjord Herad sin kystsoneplan planID 12312008001 til Almenn fleirbruk (ferdsel, fiske-, natur- og friluftsområde). Tiltaket fell under føremålet ferdslle, tiltaket vil auka tilgjengelegheta for ferdslle for større båtar som skal leggja til kai ved Kyrkjeneset.

Avdeling for plan vurderer tiltaket er i tråd med planføremålet"

FNF - Samarbeidsforum for natur og friluftsorganisasjonar i Sogn- og Fjordane¹ (17. oktober 2023)

FNF Sogn og Fjordane har ei uttale på 11 sider som er gjengjeve i fulltekst som vedlegg til løyvet. Hovudpunktet i uttalen er (sitat):

"Det pågår ein nasjonalt prinsippiell rettsprosess vedrørende om løyvet til utslepp av gruveavfall til Førdefjorden er lovleg og gyldig, m.a. opp mot Vassdirektivet og avfallshanderingsdirektivet. Vi meiner Statsforvaltaren ikkje skal handsame denne søknaden om tiltak, som nettopp gjeld å bygge anlegg for utslepp til Førdefjorden, før den pågåande, demokratiske rettsprosessen avklarer om tiltaket det her vert søkt om er gyldig.

Vi meiner dertil at naturverdiane og miljøkonsekvensane er for lite utgreidde til å handsame søknaden. Dersom Statsforvaltaren likevel handsamar tiltakssøknaden, ber om vi om utsett oppstart / verknad av søknaden, til rettsprosessen vedr lovlegheit av vedtaket er avklart og saka er fullt utgreia i tråd med miljølovverket, samt også med Naturavtalen som Norge har slutta seg til i des 2022.

Vi vil også påpeike at gytetorsk trekke til Redalsvikane frå i desember og utover vinteren. Det omsøkte tiltaket har potensiale til å forureine og skadeleg påverke livet i fjorden i lang tid framover.

Som vi påpeikte i vårt fråsegn til førre sak frå Engebø; Eit slikt inngrep kan sjå lite ut ved sidan av det svære sjødeponiet som er planlagt i fjorden utanfor det området som denne søknaden gjeld, men vi ser også at om vi ikkje tar inn over oss at det er mange faktorar som blir påverka og mykje bit-for-bit

¹ Uttalen er sendt på vegne av Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Birdlife Sogn og Fjordane, Jeger og Fisk Sogn og Fjordane, Sognefjorden Vel og DNT Sogn og Fjordane



inngrep som skjer i Vevring no som vil påverke økologien i Førdefjorden, i ein nasjonal laksefjord, så vil vi ende opp med eit fattigare naturmiljø. Denne søknaden må derfor sjåast i samanheng med reguleringsplanen til Engebø, dei andre tiltaka det er søkt om og planane om deponi i Førdefjorden, og vurderast deretter, etter dei reglar og løyve som føreligg.

Dette er nok eit tiltak, som i tillegg til førre godkjenning av utfylling i sjø og planlagt deponi i fjorden, vil samla gje därlegare økologisk tilstand i fjorden, ved tap av viktig habitat for artar som allmenninga er oppteken av å bevare i Førdefjorden. Det vil på sikt kunne bety ein fattigare fjord, som igjen vil gje därlegare buforhald for dei som bur langs- og fiskar i fjorden, därlegare utsikter for rikt reiseliv og friluftslivet langs fjorden.

Derfor ynskjer vi at Statsforvaltaren ser denne sprenginga og utfyllinga i samanheng med dei andre inngrepa som blir gjort i Vevring kring utbygging av mineralindustri og stoppe unødige tiltak der dei kan stoppast. Ein må bruke føre-var-prinsippet og vere restriktive i naturinngrep, jfr ikkje minst Naturavtalen som krev ei ny haldning til naturforvaltning, med restaurering av øydelagt og skadd natur og ivaretaking av intakt natur for framtida. Her dreiar det seg om eit område i Førdefjorden som Havforskningsinstituttet dokumenterer som det økologisk rikaste på strekninga Karmøy-Stadt, jfr. deira rapport av juni 2023."

Engebø Rutile & Garnet (ERG) (sitat): [Vi ser ikkje problemstillinga FNF tek opp med rettssaka mellom staten og Natur og Ungdom er relevant for Statsforvaltaren si handtering av saka](#). ERG leser [høyringsfråsegnet til FNF som om at dei tolkar det til å være meir omfattande areal- og tidsmessig enn det i realiteten vil være](#). Det skal i gjennomføringa vektleggast at tiltaket i realiteten blir så lite og effektivt som praktisk gjennomførbart samtidig at det skal sikre ein trygg og god funksjon til det endelige avgangssystemet. Det er ikkje venta varige negative konsekvensar for fjordmiljøet, og fisk og bunnfauna vil ha området tilgjengeleg etter endt arbeid. ERG meiner at forundersøkingar og vurderingar står i stil med størrelsen på tiltaket. ERG meiner også at dette tiltaket ikkje skal vurderast saman med sjøutfyllinga aust for Engebø då dette er to ulike tiltak med ulik funksjon.

Rettsleg grunngjeving for løyve

Forureiningslova

Etter forureiningslova § 7 må ingen sette i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter unntaksreglane i § 8 eller tiltaket har løyve etter § 11.

Arbeid i sjø frå land er mellombels anleggsarbeid og er som hovudregel lovleg utan løyve, jf. forureiningslova § 8 første ledd nr. 3, når forureininga frå anleggsarbeidet er "vanleg".

Mudring/sprenging i sjø krev alltid løyve etter forureiningsforskrifta § 22-6 når arbeida skjer frå skip (lekter)

Statsforvaltaren finn at anleggsarbeida i sjø i dette tiltaket krev løyve etter lovas § 11/forureiningsforskrifta § 22-6, med vilkår for utføring etter lovas § 16.

Statsforvaltaren legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 "Handtering av sediment" i vår vurdering av saka.



Naturmangfaldlova

Forvaltningsmåla i naturmangfaldslova §§ 4 og 5 ligg til grunn for Statsforvaltarens myndighetsutøving. Videre skal prinsippa i §§ 8 til 12 om blant anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren treffer avgjelder som rører ved naturmangfald.

Vassforskrifta

Søknader om løyve til tiltak i sjø og vassdrag skal også vurderast etter vassforskrifta. Vassforskrifta inneholder forpliktande miljømål om at myndighetene skal sørge for at alle vassførekomstar skal oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10.

Avgrensing mot plan- og bygningslova

Statsforvaltaren kan ikke gje løyve etter forureiningslova § 11 dersom dette er i strid med endelige planer etter plan- og bygningslova. Sunnfjord kommune har i dispensasjonsvedtak datert 4. juli 2024 godkjend tiltaket etter plan- og bygningslova med vilkår om bl.a. at arbeidet skal utførast utanom gyte- og oppvekstperioden til torsken, som er i perioden januar – juli.

Statsforvalterens merknad til høyringsuttale fra FNF Sogn og Fjordane

FNF Sogn og Fjordane krev at Statsforvaltaren skal utsette handsaming av løyve til anleggsarbeid i sjø etter forureiningslova til pågående rettsprosess² vert avgjort. Vi har sjølv sagt merka oss at departementets løyve³ til å drive gruveverksemid er rettsleg omtvista og at det føreligg særinteresser hjå fleire av organisasjonane bak uttalen frå FNF Sogn og Fjordane om eit bestemt utfall i desse sakene. Det føreligg ingen rettslege avgjelder som seier at Nordic Mining sine løyver til gruveverksemid i Engebøfjellet og deponering av avgangsmassar i sjødeponi i Førdefjorden ikkje er gyldige. Vi kan dermed ikke sjå at dette er forhold som påverkar dei vurderingar vi skal gjere i denne saka. Utgangspunktet for våre vurderingar er forureiningslova og kapittel 22 i forureiningsforskrifta og sette vilkår for utføring av anleggsarbeida slik at fare for forureining og negativ påverknad på fiskeriinteresser i resipienten vert redusert til eit akseptabelt nivå.

Vår omtale av nokre av FNF sine øvrige uttalepunkt:

- *Arealtap i strandsona* – Arealtapet skjer ved godkjenning av reguleringsplan etter plan- og bygningslova. Den saka er avgjord etter klageavgjerd og det er ikke vår oppgåve å ta omkamp på arealavgjelder vedtatt etter plan- og bygningslova.
- *Det totale og reelle omfanget av sprenging kjem ikkje tilstrekkeleg fram i søkeraden* – Vi handsamar eit titals saker kvart år der sprenging i sjø inngår og har opparbeida erfaring og kunnskap knytt til krav til dokumentasjon av slike arbeider. Dokumentasjonen i denne saka og med dei avstandane frå sprengningsstad til kritiske fiskeriinteresser så vurderer vi at saka er tilstrekkeleg utgreia.
- *FNF er kritisk til at overskotsmasser (frå sprenginga) vil rakast ut til sida av planert område* – Her er vi einig med FNF og har kravd at overskotsmassar som ikke kan dokumenterast nyttiggjort under vatn skal takast opp og nyttiggjerast på land.

² Naturvernforbundet og Natur og Ungdom mener at Klima- og miljødepartementets tillatelse til å dumpe opptil 170 millioner tonn gruveavfall i Førdefjorden er et klart brudd med forurensningsloven og EU-direktiver. Høsten 2023 ble saken behandlet i Oslo tingrett, og den 10. januar 2024 falt dommen. Den 12. februar anket Naturvernforbundet og Natur og Ungdom saken videre til lagmannsretten. I april ble det bestemt at saken skal forelegges EFTA-domstolen (Sitat Fjordsøksmålet.no)

³ "Nordic Mining – tillatelse til gruvevirksomhet i Engebøfjellet" – Det Kongelige klima- og miljødepartement 5. juni 2025 – Endelig avgjort etter klage ved kongelig resolusjon datert 19. februar 2016




- FNF meiner det er mykje som tyder på at forureining av kjemikalier, steinstøv og mikroplast også finn vegen til gytefelta på Redalsvikane som ligg nokre hundre meter austafør- Vi vurderer at dette ikkje er ein faktisk omtale av fare for forureining i denne saka. Anleggsarbeidene er ikkje omfattande, det er svært lite sediment som skal handterast (mest fast fjell) og det er ikkje noko som tilseier at sedimenta er forureina. Fiskeridirektoratet, som har som oppgåve å ivareta gytefelt skriv i si uttale at dei meiner at dei avbøtande tiltaka som er omsøkt er tilstrekkelege.

Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løye etter forureiningslova og forureiningsforskrifta kapittel 22.

Det som skal etablerast er delar av den tekniske løysninga for stetting av vilkår 3.2 i departementes løyve til gruveverksemd, sitat "Avløpsledninger for avgangsmasser skal føres ut i Førdefjorden gjennom utslippsarrangement til maksimalt 50 meter over fjordbunnen. Utslippsarrangementet skal være fleksibelt for å sikre en oppbygging av deponiet som minimaliserer spredning av partikler."

I følgje departementes grunngjeving i løyvet frå 2015 er denne nedføringsløysinga til djupt vatn essensiell for å redusere fare for negativ påverknad på anadrom fisk og gytefelt kysttorsk sidan desse fiskeslaga oppheld seg i dei øvre vasslagene.



Figur 7 Illustrasjon av sjødeponi. Grafikk Nordic Mining. Oransje ring viser illustrerer tiltaket som er regulert av dette løyvet



Grunngjeving for valde vilkår og krav

Undervassprenging medfører impulsstøy med høg energi som kan gje fysiske skader og stressreaksjonar hos fisk og skaldyr. Sprenging kan bl.a. utløyse fluktrespons hos fisk på opptil fleire kilometer avstand og vil påverke vandringsmønster for torsk på veg til gytefeltet.

Vi legg vekt på uttalen frå Fiskeridirektoratet⁴ og legg vi til grunn at fare for forureining og negativ påverknad vert redusert til akseptabelt nivå ved å utføre tiltaka i sjø med dei avbøtande tiltaka som er omsøkt. Anleggsarbeidet som skal utførast er begrensa i omfang og tid, estimert til fem skotsalver og maksimalt 5 veker total arbeidstid. Det er og kategorisert som eit "lite tiltak" ut frå arealbeslag på sjøbotn i Miljødirektoratets rettleiar M-350.

Arbeida er lagt til september/oktober som er utanom gyteperiode for torsk og utanom skallskifteperioden for hummar. I tillegg skal det sjekkast med lokalt fiskarlag/Noreggs sildesalgslag at det ikkje står fisk i dei nærliggande låssettingsplassane når undervassarbeida skal utførast.

Statsforvaltaren meiner at faren for forureining og negativ påverknad er akseptabel med dei avbøtande tiltaka som er føreslått i søknad av 15. september 2023. Dei omsøkte tiltaka er teken inn som vilkår i løyvet, samt dei vanlege vilkåra i slike løyver.

Vi har nokre tilføyinger/endringar i vilkåra i løyvet:

- Vi set krav om opptak av sprengstein som ikkje kan nyttast til planering av utsprengd såle/voll og at desse massane vert nyitta på land. I følgje søknaden skal det nyttast 430 m³ massar til eit to meters planeringslag oppå utsprengd platå på kote - 12 samt at noko stein skal nyttast på sida av planert område til "vollføremål". Det er beskriven i søknadsdokumenta at sprengsteinen "vil være praktisk utfordrende å hente opp". Vi kan ikkje sjå at det er tilfelle når lekter/skip skal flytte om på massar nede på 12 meters djupne med gravemaskin, så kan dei same massane takast opp.
- Vi set krav om at turbiditetsmålaren som i følgje søknaden står plassert 380 meter frå tiltaksområdet vært flytta til maksimalt 150 meters avstand som er i samsvar med vilkår i andre løyver vi gjev der ev. spreieing av finstoff skal overvakast

Vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

I samband med utarbeiding av søknad om løye etter forureiningslova er det henta inn informasjon om moglege forureiningskjelder i området og det er henta inn informasjon om viktige natur- og fiskeriinteresser i området frå databasar via Kystinfo.no.

Krav til kunnskapsgrunnlaget er etter vår vurdering oppfylt, jf. naturmangfaldlova § 8. Sidan vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilfredsstillande, vil ikkje føre-var-prinsippet (NML § 9) kome til anvending.

Vi har teke omsyn til økosystemet og den samla belastninga (NML § 10) gjennom vurderingar som ligg til grunn for krava som er sett i vilkåra i løyvet. NML § 11 påpeiker at det er tiltakshavar som skal bære kostnadene til avbøtande tiltak. Dersom det er naudsynt med driftsstans på anlegget for å unngå uakseptabel grad av forureining som følgje av anleggsverksemda, vil denne meirkostnaden også

⁴ Fiskeridirektoratet er styresmaktenes rådgivende og utøvende organ innen fiskeri- og havbruksforvaltning. I saker som kan få følger for disse næringen, er det vårt ansvar å sikre deres interesser samtidig som vi skal sikre det marine biologiske mangfoldet. De marine leve- og oppvekstområdene er særlig viktige å ta vare på slik at også framtidige generasjoner kan fortsette å høste fra havet. (sitat fiskeridir.no)



reknast som i samsvar med NML § 11. Vi krev også at det skal nyttast dei beste mogleg tekniske løysingane som ut frå ei kost/nytte-vurdering gjev best mogleg resultat for miljøet, jf. NML § 12. Elles viser vi til våre vurderingar og grunngjevingar ovanfor under punktet kalla *Grunngjeving for valde vilkår og krav*.

Miljømålet i vassforskrifta er at alle vassførekomstar skal oppnå minst god økologisk og kjemisk tilstand. Ein forverring av ein vassførekomst kan ikkje tillatast dem mindre det er mogelegheit til å gje unntak, jf. vassforskrifta § 12.

I denne saken legger Statsforvaltaren til grunn at tiltaket vil gje ein midlertidig påverknad og at tilstanden i resipienten vil bli gjenopprettet når arbeidet stansar. Vi ser det derfor ikkje som sannsynleg at tiltaket vil kunne føre til at miljømåla ikkje vert nådde, eller at tilstanden til vassførekomsten blir forverra. Krava i vassforskrifta er difor ikkje til hinder for å gje løyve etter forureiningslova.

Endring og omgjering

Vi vil påpeke at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gitt løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulepper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrollova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følger direkte av forureiningslova og produktkontollova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

Rett til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjord. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.



De kan også klage på vedtaket om gebrysats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngitt, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 vilkår
- 2 Uttale Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Kopi til:

STIFTELSEN MUSEUM VEST	Lyngneset 2	5302	STRUSSHAMN
FISKERIDIREKTORATET BERGEN	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
FNF Sogn og Fjordane			



Løyve etter forureiningslova til anleggsarbeid i sjø - undervassprenging og bruk av utsprengde massar til fundament - Engebø Rutile and Garnet.

Statsforvaltaren gir Engebø Rutile and Garnet løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 22-6. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 15. september 2023 og andre opplysningar som kom fram under sakshandsaminga. Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeidet er avslutta.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betydning, må de på førehand avklare dette skrifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventa oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og evt. behov for endra avbøtande tiltak . Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

Data om verksemda

Bedrift	ENGEBØ RUTILE AND GARNET AS
Postadresse	Hafstadvegen 34 (JE), 6800 Førde
Kommune og fylke	Sunnfjord, Vestland
Organisasjonsnummer/ eigmnd	915 573 983 tilhøyrar 990 691 606

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2024.0696.T	4647.0178.01	2022/11351

Løyve gitt første gong: 26. august 2024	Endringsnummer:	Løyve sist endra:
Sissel Storebø seksjonsleiar		Magne Nesse senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk



Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar



Innhold

1	Rammevilkår.....	4
1.1	Omfang.....	4
1.2	Varsel om oppstart.....	4
2	Generelle vilkår	4
2.1	Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg	4
2.2	Plikt til førebyggjande vedlikehald	4
2.3	Tiltak ved auka forureiningsfare.....	4
2.4	Miljøriskovurdering av anleggsarbeida	4
2.5	Ansvar	5
2.6	Erstatningsansvar.....	5
2.7	Kulturminne i sjø	5
2.8	Sakshandsaming etter anna loverk.....	5
3	Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining.....	5
3.1	Internkontroll.....	5
3.2	Beredskapsplan	6
3.3	Varsling om akutt forureining.....	6
4	Vilkår for utføring av tiltak i sjø.....	6
4.1	Generelt.....	6
4.2	Tidsavgrensing.....	6
4.3	Utføring av undervassprenging	6
4.4	Overvaking med turbiditetsmålinger	7
4.5	Handtering av sprengstein.....	7
I	følgje søknaden skal det nyttast 430 m ³ massar til eit to meters planeringslag oppå utsprengd platå på kote – 12 samt at noko stein skal nyttast på sida av planert område til "vollføremål".	7
Vi	set vilkår om opptak av sprengstein som ikkje nyttast til planering av utsprengd såle/voll og at desse massane vert nytta på land.....	7
4.6	Samarbeid med lokalt fiskarlag	7
4.7	Aktsemd ovanfor framande organismar	7
5	Kontroll- og overvaking	8
5.1	Plan for kontroll og overvaking.....	8
6	Avfall	8
6.1	Generelle krav.....	8
6.2	Handtering av farleg avfall	8
6.3	Plast.....	8
7	Rapportering og dokumentasjon.....	8
•	Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.....	9
8	Tilsyn.....	9



1 Rammevilkår

1.1 Omfang

Løyvet gjev vilkår for å redusere forureining og negativ påverknad til eit akseptabelt nivå frå anleggsarbeid i sjø ved gnr/bnr 431/15 i Sunnfjord kommune.

Tiltaket i sjø omfattar undervassprenging/mudring av ca. 1 300 m³ massar innanfor eit areal på ca. 215 m² for å ferdigstille eit blandekammer i samband med etablering av prosesseringasanlegget på eigendomen. Løyvet omfattar også bruk av utsprengde massar til undersjøisk fundament for blandekammeret.

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 15. september 2023 og tilleggsopplysningar i saka med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av anleggsarbeidet seinast ei veke før anleggsarbeida startar. Det kan varslast med ein e-post til sfvlp@statsforvalteren.no.

2 Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 3.3.

2.4 Miljørisikovurdering av anleggsarbeida

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljørisikovurderingane som er utførd i samband med søknad om løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er omsøkte for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.



Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljørisikovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.

Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført.

2.5 Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.6 Erstatningsansvar

Sjølv om løye er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.7 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet (marinarkeologi@museumvest.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Tiltakshavar må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegndene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.8 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet fritek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, til dømes hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for sin verksemd i medhald til internkontrollforskrifta¹. Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontollova² og andre relevante forskrifter til desse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller liknande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsysteem i tråd med løyvets vilkår.

¹ Systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr 1127 (internkontrollforskriften)

² Produktkontollova av 11.06.1979 nr 79



Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

3.2 Beredskapsplan

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntrefte. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

3.3 Varsling om akutt forureining

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast.

4 Vilkår for utføring av tiltak i sjø

4.1 Generelt

Tiltaka i sjø skal utførast på ein måte som minimerer undervassstøy, spreiling av partiklar og plast. Det skal være rutinar for visuell observasjon av partikel- og plastspreiing og for oppsamling av eventuelle skyteleidningar. Dersom det oppstår utilsikta forureiningssituasjonar skal arbeidet stanses og korrigrande tiltak gjennomførast.

4.2 Tidsavgrensing

Undervassprenging og handtering av sprengstein skal ikkje skje i perioden frå 1. januar til 31. mai av omsyn til gytefelt torsk

4.3 Utføring av undervassprenging

Sprenginga skal utførast som beskriven i søknad datert 15. september 2023

- 1) Sprenge hovudkammer før det punkterast mot sjø
- 2) Forseinking på salve
- 3) Låg ladning på salve.
- 4) Skremmesalver
- 5) Sprenge utanfor gytesesong
- 6) Grave vekk sediment før sprenging
- 7) Optimalisert sprenging (sprengstoff mot danning av finstoff)
- 8) Elektroniske tennarar
- 9) Sjå etter og plukke opp plast som flyt til overflata



4.4 Overvaking med turbiditetsmålingar

Ein eller fleire turbiditetsmålarar, plassert maks 150 meter frå anleggsområdet, skal nyttast når anleggsarbeid i sjø pågår for å overvake spreiling av finstoff. Bruk av turbiditetsmålar og fastsetting av bakgrunnsverdi skal skje i samsvar med NS-9433. Partikkkelkonsentrasjonen utanfor tiltaksområdet skal ikkje vere høgare enn bakgrunnsverdi + 10 NTU/FNU i ein periode på meir enn 20 minutt. Ved oppnådd alarmgrense skal arbeidet stogge, og dersom overskridning skyldast tiltaket, skal det utførast avbøtande tiltak.

Handtering av alarmar skal innarbeidast slik at alle relevante ledd i prosjektorganisasjonen kjenner alarmgrensene og kva aksjoner som skal utførast ved overskridning, jf. vilkår 3.1 om internkontroll.

Kunnskap og informasjon tileigna i prosjektet skal brukast for justering av måleprogrammet. Dersom observasjonar og målingar viser at ein måler ikkje er plassert på eigna stad eller djupne, skal målaren flyttast.

4.5 Handtering av sprengstein

I følgje søknaden skal det nyttast 430 m³ massar til eit to meters planeringslag oppå utsprengd platå på kote - 12 samt at noko stein skal nyttast på sida av planert område til "vollføremål".

Vi set vilkår om opptak av sprengstein som ikkje nyttast til planering av utsprengd såle/voll og at desse massane vert nyitta på land.

4.6 Samarbeid med lokalt fiskarlag

Det skal oppretta dialog med lokalt fiskarlag/Norges sildesalgslag for å sikre at det ikkje er låssatt fisk på nærliggjande låssettingsplassar på tidspunktet for sprenging

4.7 Aktsemrd ovanfor framande organismar

Den framande arten havnespy/japansk sjøpung (Didemnum vexillum) er allereie etablert fleire stader i landet. Dette er ein framand og uønskt art som formerer seg raskt og fører til store problem for marine miljø og næringar. Arten veks mellom anna på skrog, fortøyningar, brygger og anna som finst i sjøen. Vestland fylke har gjennom dei siste åra registrert ein auke i observasjonar av havnespy. Havnespy er blant anna påvist ved kaier i Måløy, Florø, Gulen, Bergen, Askøy og Øygarden. Arten spreier seg via skipsfart, særleg inne i dei største hamnene som har vitjing av utanlandske skip. Arten kan også spreie seg til mindre hamner via småbåtar eller festa til tauverk, blåser og andre flyteobjekt i sjøen.

Statsforvaltaren minner om aktsomheitsplikta i høve til forskrift om framande organismar § 18. Der står det at den som set i verk tiltak som kan føre til utilsikta spreiling av framande organismar i miljøet, skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten får uheldige følgjer for det biologiske mangfaldet. Tiltakshavar skal ha kunnskap om risikoene aktiviteten inneber, kunnskap til å treffe førebyggjande tiltak og kunnskap til å raskt oppdage utilsikta spreiling av framande organismar. Mistanke om funn av havnespy [må meldast inn](#) og verifiserast av marinbiologisk kompetanse. Dersom havnespy blir stadfesta, [skal observasjonen rapporterast til Artsdatabanken](#), og det må setjast i verk tiltak for å unngå vidare spreiling. Slike tiltak skal skje i samsvar med [rettleiing gitt av Sjøfartsdirektoratet](#).



5 Kontroll- og overvaking

5.1 Plan for kontroll og overvaking

Det skal utarbeidast ein kontroll- og overvakingsplan for tiltaket. Planen må ha tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreiing av forureining frå tiltaket, medrekna kontroll med spreiing av partiklar og plast. Kontroll- og overvakingsplanen skal avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet frå anleggsarbeidet.

Kontroll- og overvakingsplanen skal sikre at vilkåra i løyvet vert stetta, og planen skal utarbeidast i tråd med tilrådingane gitt i Miljødirektoratet si rettleiar for handtering av sediment M-350/2015. Måleutstyr, metodar, gjennomføring og analysar skal følgje norsk standard.

6 Avfall

6.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følge av tiltaka. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg. Kystverket pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

6.2 Handtering av farleg avfall

Verksemda skal handtere farleg avfall i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal lagrast på ein slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lagra farleg avfall skal være merka og skal ikkje blandast saman med anna avfall. Lagring skal skje i tett container eller under tak på fast dekke. Lageret skal være sikra mot uvedkommande.

Farleg avfall skal leverast videre til godkjend mottak eller behandlingsanlegg minst ein gang per år. Farleg avfall skal deklarerast på www.avfallsdeklarering.no.

6.3 Plast

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvakingsplanen. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak.

Miljødirektoratet sitt faktaark³ M-1085 | 2018 kan nyttast som ein rettleier.

7 Rapportering og dokumentasjon

Det skal sendast inn sluttrapport frå arbeida innan 8 veker etter at anleggsarbeida er avslutta. Rapporten skal oppsummera anleggsarbeida, og skal innehalde:

³ Problemer med plast i sjø ved utfylling av sprengstein i sjø. Miljødirektoratet M-1085/2018



- Skildring av gjennomføringa av tiltaka
- Oversikt over uønskte hendingar, merknader og ei skildring av eventuelle avbøtande tiltak som er gjennomførte for å hindra uheldig påverknad på omgjevnadene.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

8 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.